



Kjell Yri treng tre bøsseberarar til i Uskedalen.

Korkje i fjor eller i år har det vore spesielt problematisk å skaffa bøsseberarar i Uskedalen til den årlege TV-aksjonen, men ved middagstider fredag vanta det tre av 12. Rodeleiar i Uskedalen Kjell Yri hadde ikkje berarar til å dekkja Eiklandet og dalen oppover frå brua. Han ventar på tre telefonar!

- Kvinnherad har ikkje særleg imponerende resultat å visa til i TV-aksjonen. I fjor var kommunen på 18-plassen av dei 33 kommunane i fylket vårt, med eit snitt på berre kr. 38,72 pr. innbyggjar. Då var føremålet hjelp til mishandla kvinner.

- Vi bør klatra oppover denne gongen og få inn langt meir enn ein halv million, seier Yri til Uskedalen.no.

Han minner om at "Leger uten grenser" er ein nøytral organisasjon frå einkvar synsstad og at den difor burde appellera til alle. Den krev uhindra adgang til menneske i naud og hjelp alle som treng det, uavhengig av kor dei høyrer heime politisk eller religiøst.

75 prosent av midlane som organisasjonen får, kjem frå private.. Den vart oppretta i 1971 av ei gruppe frnaske legar som såg den grufulle Biafra-konflikten.

Det er trong for 212 bøsseberarar til å dekkja heile kommunen.

Dei fleste kjem innom mellom klokka 15 og 17 søndag ettermiddag og då bør folk halda seg heime.

Laurdag skal Handlebyen Husnes og kokkelevane frå Kvinnherad vidaregåande skule ha arrangement og samla inn pengar. Elevane koker fårrikål og sel og overskotet går til TV-aksjonen.

Av Ola Matti Mathisen